

Å kjenne seg deppa er berre elektrisitet og kjemi oppi hovudet

Når du vil bevege på handa di, blir det sendt elektriske impulsar, og det skjer kjemiske reaksjonar rundt omkring oppe i hovudet ditt. Alt dette gir beskjed til musklane, og så rører handa di på seg.

At elektriske impulsar og kjemiske reaksjonar kan få ein fot til å røre seg, er til å forstå. Og at dei orda du les akkurat no, blir omdanna til nerveimpulsar i hjernen, er kanskje også mogleg å fatte. Men alle tankane du tenkjer – den tanken som du tenkte akkurat no – er også berre nerveimpulsar. Og tenk på at når du er sint, eller forelska, eller deppa, er det også berre elektrisitet og kjemi. Snåle greier, ikkje sant?

Helene Uri